

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 17/1225-1

Tildeling av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - FTU-midlar 2017

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar kr. 700 000.- vert for 2017 fordelt slik:

Nr.:	Søkjar/mottakar	Tilskot FTU-midlar kr.
1	Sogn og Fjordane fotballkrets	81 500.-
2	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	51 000.-
3	Trygg Trafikk	246 500.-
4	Sogndal vidaregåande skule	22 000.-
5	Firda vidaregåande skule	15 000.-
6	Tangen skule – Årdal kommune	10 000.-
7	Måløy vidaregåande skule	53 000.-
8	Stryn vidaregåande skule	33 000.-
9	Barnehagane i Årdal kommune	21 750.-
10	Årdal Tenk Tryggleik	40 000.-
11	Høyanger vidaregåande skule	15 000.-
12	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	39 750.-
13	Sogn Cykleklubb	71 500.-
	SUM	700 000.-

2. Tiltak som får løyving av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar 2017, skal ferdigmeldast snarast etter at tiltaka er avslutta - seinast 30. november 2017.
3. Ferdigmeldinga skal innehalde spesifisert rekneskap for tiltaka og ei oppsummering av gjennomføringa.
4. Midlar som ikkje vert nytta går attende til fylkeskommunen.

Vedlegg:

Søknadane

Prosjektark (kort framstilling av søknaden, kommentarar, m.m.)

Instruks for forvaltning av FTU-midlar

Andre dokument som ikkje ligg ved:**SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn****1.1. Bakgrunn for at saka er reist**

Vegtrafikklova § 40 A pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2017 løyvt kr. 700 000.- til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar» (FTU-midlar).

Tilskotsordninga vart gjort kjent gjennom annonse i fylkesavisene i oktober, og lagt ut på Fylkeskommunen si heimeside. Søknadsfrist var 21. november 2016.

2. Bakgrunn**2.1 Mandat**

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av FTU-midlane. Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke i mot søknadane.

2.2 Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar», er lagt til grunn ved innstilling. Instruksen punkt **1. Formål med og målgruppe for ordninga** seier følgjande:

«Ordninga gjeld tilskot til gjennomføring av tiltak/prosjekt som fremjar trafikktryggleiken i fylket. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak innanfor:

- a) Haldningsskapande arbeid.
- b) Opplæring
- c) Informasjon

Midlane kan og nyttast til mindre fysiske tiltak særskilt retta mot mjuke trafikantar eller til andre tiltak som FTU ønskjer å støtta.»

2.3 Søknader – oppstilling/framlegg til tilskot

Det er motteke 13 stk. søknader. Samla søknadssum er kr. 725 500.-

Det er etter vårt syn berre ein søknad som ikkje stettar føremålet i instruksen med tanke på tilskot. Dette gjeld søknad frå Tangen skule – Årdal kommune, tiltak 1; *Innkjøp og montering av sperregrind*. Vi meiner dette er eit (større) fysisk tiltak som høyrer heime i kommunen sin trafikktryggingssplan, og som det kan søkjast om tilskot til via TIK-midlar. Søknaden var ikkje ført opp med kostnad på tiltaket!

Dei søknadane som stettar føremålet med ordninga utgjer til saman kr. 725 500.- Det er såleis søknader om tiltak for kr. 25 500.- som ikkje har dekning i løyvinga på kr. 700 000.-

Det er tre stk. søknader som skil seg ut med tanke på storleik på omsøkt tilskot:

- Trygg Trafikk med søknadssum kr. 255 000.-,
- Sogn og Fjordane fotballkrets med søknadssum kr. 90 000.-
- Sogn Cykleklubb med søknadssum kr. 80 000.-

Dei øvrige søknadane ligg alle frå kr. 51 000.- og nedover.

For å dekke inn «underskotet» på kr. 25 500.- gjer vi framlegg om dette vert fordelt jamt mellom dei tre «største» søknadane med fråtrekk på kr. 8 500.- på kvar av desse tre; Sogn og Fjordane fotballkrets, Sogn Cykleklubb og Trygg trafikk. Ein reduksjon på kr. 8 500.- i tilskot vil truleg vera minst merkbar for desse tre største. Det er framleis høge tilskotsummar det er snakk om til desse tre søkjarane.

Søknader / framlegg til fordeling:

	<i>Søknadssum</i>	<i>Tilskot</i>
<u>1. Sogn og Fjordane fotballkrets</u>		
Diverse trafikktrygging; Stettar formålet i gjeldande instruks.	90 000.-	81 500.-
<u>2. Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane</u>		
Gjennomføring av Bilfører 65+; Stettar formålet i gjeldande instruks.	51 000.-	51 000.-
<u>3. Trygg Trafikk</u>		
1. Trafikksikker kommune/skule/barnehage: Stettar formålet i gjeldande instruks.	80 000.-	80 000.-
2. Kurs barnehagetilsette - traf.sikker barnehage: Stettar formålet i gjeldande instruks.	35 000.-	35 000.-
3. Gå-opplæring/foreldreopplæring/skulestart: Stettar formålet i gjeldande instruks.	5 000.-	5 000.-
4. Sykkelopplæring/nettverksmøte sykkel: Stettar formålet i gjeldande instruks.	10 000.-	10 000.-
5. Reflekskonkurransar for born: Stettar formålet i gjeldande instruks.	10 000.-	10 000.-
6. Refleksdagen/Trygg Trafikk ambassadørordning: Stettar formålet i gjeldande instruks.	70 000.-	61 500.-
7. Trafikkopplæring 1. – 7. trinn: Stettar formålet i gjeldande instruks.	15 000.-	15 000.-
8. Trafikkopplæring 8. – 10. trinn: Stettar formålet i gjeldande instruks.	<u>30 000.-</u>	<u>30 000.-</u>
	Sum kr. 255 000.-	246 500.-
<u>4. Sogndal vidaregåade skule</u>		
1. Trafikkdag for avgangselevar: Stettar formålet i gjeldande instruks.	12 000.-	12 000.-
2. Refleksaksjon: Stettar formålet i gjeldande instruks.	<u>10 000.-</u>	<u>10 000.-</u>
	Sum kr. 22 000.-	22 000.-

<u>5. Firda vidaregåande skule</u>		
1. Markere refleksdagen på Firda vgs.: Stettar formålet i gjeldande instruks.	8 000.-	8 000.-
2. Trafikktryggingskveld Open skule: Stettar formålet i gjeldande instruks.	6 000.-	6 000.-
3. Positiv sykkelkontroll: Stettar formålet i gjeldande instruks.	<u>1 000.-</u>	<u>1 000.-</u>
	Sum kr.15 000.-	15 000.-
<u>6. Tangen skule – Årdal kommune</u>		
1. Innkjøp og montering sperregrind: 0.- Stettar ikkje formålet i gjeldande instruks.		Ikkje opplyst
2. Sykkelopplæring/gjennomføring valfag: Stettar formålet i gjeldande instruks.	<u>10 000.-</u>	<u>10 000.-</u>
	Sum kr. 20 000.-	10 000.-
<u>7. Måløy vidaregåande skule</u>		
1. «Å bli sett»: Stettar formålet i gjeldande instruks.	23 000.-	23 000.-
2. Open bilverkstad for russen: 12 000.- Stettar formålet i gjeldande instruks.		12 000.-
3. Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar: Stettar formålet i gjeldande instruks.	15 000.-	15 000.-
4. Open verkstad for mopedeigarar: Stettar formålet i gjeldande instruks.	3 000.-	3 000.-
	Sum kr. 53 000.-	53 000.-
<u>8. Stryn vidaregåande skule</u>		
Trafikktryggingsdag: Stettar formålet i gjeldande instruks.	33 000.-	33 000.-
<u>9. Barnehagane i Årdal kommune</u>		
Trafikksikker barnehage: Stettar formålet i gjeldande instruks.	21 750.-	21 750.-
<u>10. Årdal Tenk Tryggleik</u>		
«Prosjekt Politikameratane» Stettar formålet i gjeldande instruks.	40 000.-	40 000.-
<u>11. Høyanger vidaregåande skule</u>		
Førstehjelp traf.ulukke/traf.ulukke tunnel/brannfare: Stettar formålet i gjeldande instruks.	15 000.-	15 000.-
<u>12. Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk</u>		
Innkjøp og distribusjon refleksvestar i barneskulane:	39 750.-	39 750.-

Stettar formålet i gjeldande instruks.

<u>13. Sogn Cykleklubb</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Tilskot</u>
Innkjøp refleksevestar sykkelrittet (Jotunheimen Rundt):	80 000.-	71 500.-
Stettar formålet i gjeldande instruks.		

Sum søknader: kr. 725 500.-
Sum framlegg til tilskot: kr. 700 000.-

3. Konklusjon/tilråding

Statens vegvesen gjer framlegg om slik fordeling av FTU-midlane 2017:

Nr.:	Søklar/mottakar:	Søknadssum FTU-midlar:	Tilskot FTU-midlar:
1	Sogn og Fjordane fotballkrets	90 000.-	81 500.-
2	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	51 000.-	51 000.-
3	Trygg Trafikk	255 000.-	246 500.-
4	Sogndal vidaregåande skule	22 000.-	22 000.-
5	Firda vidaregåande skule	15 000.-	15 000.-
6	Tangen skule – Årdal kommune	10 000.-	10 000.-
7	Måløy vidaregåande skule	53 000.-	53 000.-
8	Stryn vidaregåande skule	33 000.-	33 000.-
9	Barnehagane i Årdal kommune	21 750.-	21 750.-
10	Årdal Tenk Tryggleik	40 000.-	40 000.-
11	Høyanger vidaregåande skule	15 000.-	15 000.-
12	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	39 750.-	39 750.-
13	Sogn Cykleklubb	80 000.-	71 500.-
	SUM	725 500.-	700 000.-

Fylkesdirektøren sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.